

## Eldsjelpris og kulturpris

Vi ønsker mange kandidatar til kulturpris og eldsjelpris for 2019.

Utan frivillege lag og dugnads-innsats ville det sett annaleis ut i både bygd og by. Kor, korps, idrettslag, teaterlag, ungdomslag, speidar, barneforeningar, velforeningar og mange andre legg til rette for sosiale og kulturelle møteplassar - og med det meningsfulle aktivitetar som skaper trivsel og tilhørsle.

Forslag på kandidatar skal sendast som e-post til [magne.fylling@skodje.kommune.no](mailto:magne.fylling@skodje.kommune.no) eller i brev til Skodje kommune, Rådhuset, 6260 Skodje.

Frist: 10. september 2019.

## Prestemarka

### Ved

Hausten og vinteren er på veg, og Prestemarka dagtilbod har starta årets vedsal. Vi sel 60 liters sekkar med både bjørk og blandingsved til konkurransedyktige prisar. Ring 913 79 794 for bestilling, eller besøk oss gjerne på Prestemarka. Vi kan også levere etter avtale.

### Bruktbuda og Fargeskrinet

Har du tatt turen til den flotte bruktbudikken vår i det siste? Opningstidene er tysdagar frå kl. 11.00 til 16.00, og torsdagar frå kl. 11.30 til 17.30.

Vi har også verdas beste tennbrikkettar til sals på Fargeskrinet, som har ope frå kl. 08.30 til 15.00 måndag til fredag.

### Kurs i beskjering av frukttrær

Vi vil også prøve å halde kurs i beskjering av frukttrær i løpet av hausten, dersom det er interesse for dette. Ta kontakt om du vil vere med og lære av gartnaren vår med hjelpapar.

## Val 2019

Vallokalet er ope kl. 10.00 - 21.00 måndag 9. september.

Næraste vallokale for deg som bur i noverande Skodje kommune er **Gomerhuset** eller Eidet kulturhall på Vatneeidet.

Du kan òg stemme i ein av dei 12 andre valkrinsane i nye Ålesund kommune, om det passar deg betre.

Hugs å ta med deg legitimasjon med bilete, og ta gjerne med valkortet.




## Naustområde i Honningdalsvågen

Det faste planutvalet vedtok i sak 47/19 oppstart av detaljregulering for del av gardsnr. 8 bruksnr. 1.

Planområdet ligg sør for fylkesveg 656 i Honningdalsvågen på Glomset, i område avsett til nausti i kommuneplanen sin arealdel.

Føremålet med reguleringa er å leggje til rette for nausttomter, inkludert tilkomstveg til framtidige nye bustadtomter vest for dette planområdet.

Planlagt naustområde har 2 eksisterande naust, og det er tenkt å føre opp om lag 7 nye naust. I tillegg er det tenkt å legge ut ei felles flytebrygge, båtslipp og tilrettelegging for felles uteopphaldsområde på areal nord for nausta. Parkering og snuplass er tenkt på baksida av nausta. Det vil vere mogleg å parkere ein bil bak kvart naust, parkeringsplassen er difor primært tenkt til andre som får båtplass i flytebrygga og besøkande til området.



## Ope møte om innbyggartorg

Kva er styrkane i vår kommunedel? Kva bør vi utvikle? Korleis kan vi bidra til at det er liv og lys i alle rådhusa i åra framover?

Nye Ålesund inviterer til ope møte om innbyggartorg på følgjande stadar:

- 12. september: Gomerhuset
- 18. september: Bystyresalen, Ålesund
- 19. september: Ørskog skule, Sjøholt

Alle møta: kl. 18.30 - 20.30.

Invitasjonen går ut til innbyggjarar, næringsliv, frivillige organisasjonar, politikarar, diverse råd, og andre interesserte.

Dine meiningar er viktige - DU er viktig!

Helsing arbeidsgruppa for innbyggartorg i din kommunedel.

## Helsestasjonen

Helsestasjonen er stengt frå og med 17. september til og med 19. september.

## Handlingsprogram for fysisk aktivitet

Det faste planutvalet vedtok i møte 3. september å leggje forslag til handlingsprogram for fysisk aktivitet for 2020-2023 ut på offentleg høyring.

Meir informasjon på [skodje.kommune.no](http://skodje.kommune.no)

Frist for å kome med innspel til handlingsprogrammet er 12. november 2019.

## Vis dovett!

Kommunen har mykje unødvendig ekstraarbeid og ekstrakostnader på grunn av at det vert kasta ting i do som tettar kloakkrøra og stopper pumper og renseanlegg.

Dovettregelen er:

«Berre bæs, tiss og dopapir skal i do.»

Døme på ting som **IKKJE** skal kastast i do:

- Tørkepapir
- Q-tips
- Bomull
- Vaskeklutar
- Gummihanskar
- Våtserviettar
- Tamponggar og bind
- Tanntråd
- Matrestar og feitt

Meir informasjon på [dovett.no](http://dovett.no).

## Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 10. desember. Frist for innlevering til dette nummeret er 5. desember.

## Nye telefonnummer

Skodje barneskule avdeling Skodje, og Skodje ungdomsskule har begge fått nye telefonnummer.

**Skodje barneskule, avd. Skodje: 916 40 744**

**Skodje ungdomsskule: 469 36 147**

Dei gamle nummera til desse skulane (som byrjar med 70 24...) er ikkje lenger i drift.

Vi oppmodar føresette som har behov for kontakt med skulane om å sende e-post direkte til kontaktlærar.

Andre spørsmål kan sendast på e-post til:

[skodje.barneskole@skodje.kommune.no](mailto:skodje.barneskole@skodje.kommune.no)

[skodje.ungdomsskole@skodje.kommune.no](mailto:skodje.ungdomsskole@skodje.kommune.no)

## Open dag på brannstasjonen

I samband med Brannvernveka inviterer brannvesenet til open dag på brannstasjonen **laurdag 21. september kl. 11.00 - 14.00.**

Her får du lære om brann og brannvern, og sjå brannstasjonen og brannbilen.

Bollar og saft til borna.

Velkomen til liten og stor!

Brannvernveka er ein årleg landsomfattande informasjonskampanje som vert arrangert av Norsk brannvernforening, direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), If skadeforsikring, og brannvesen over heile landet. Meir informasjon på [brannvernuka.no](http://brannvernuka.no).



Dette skjer

## Skodjedagane 2019

Skodjedagane 2019 vert arrangert 14. og 15. september.

### Show med Tito Magic

Laurdag 14. september kl. 15.00.

Billetter: kr. 50,-. Kan kjøpast på [gomerhuset.no/billettbestilling](http://gomerhuset.no/billettbestilling).

### Jarle Waldemar

Valle barnekor har invitert Jarle Waldemar til Skodjedagane.

Søndag 15. september kl. 15.00.

Gratis inngang.

**Program for Skodjedagane vert lagt ut på Facebook og i butikkar på Skodje i neste veke**

## Verdensdagen for psykisk helse

**Verdensdagen for psykisk helse blir arrangert kvart år i oktober, og i år er temaet "Gi tid".**

Mental Helse Skodje/Ørskog inviterer til foredrag med Mathilde H. Skorpen. Ho flytta fra Florø til Ålesund som vaksen for å få ein ny start på livet etter ein vanskeleg oppvekst, og ho står no fram og fortel si sterke historie. Med seg på laget har ho Magne Sellereite, som har arbeidd i psykiatrien i mange år, og som i dag er teamleiar for

psykisk helse og rustiltak i Ålesund kommune. Han vil snakke litt om «Recovery – eit verdival som behandling».

Appell ved ordførar Dag Olav Tennfjord.

Tid: Torsdag 17. oktober kl. 17.30

Stad: Gomerhuset på Skodje

## Kurskveld

Mental Helse Skodje/Ørskog ønskjer å invitere alle pårørende/føresette og tilsette på skulane til kurskveld om korleis vaksne kan styrke barn og unge si psykiske helse.

Foredragshaldar er Anne Hilde Lystad.

Tid: Onsdag 16. oktober kl. 17.30

Stad: Gomerhuset på Skodje

## Kulturveka

Årets kulturveke vert arrangert frå 26. oktober til 3. november.

Målet med kulturveka er å vise fram mangfaldet i kulturlivet i Skodje, og gi gode opplevingar til alle aldersgrupper.

Program vil bli kunngjort seinare.

"Kommunenyt" er utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, og kommunale avdelingar. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



# SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
[postmottak@skodje.kommune.no](mailto:postmottak@skodje.kommune.no) | [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no)